

Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201203443-18/810/BENUTN

Dykkar ref.:

Bergen, 19. desember 2013

## **Rammer til skredsikring på fylkesvegnettet 2014-2017**

Vi viser til Vegdirektoratet sitt notat til regionane av 27.09.2013, der rammene til fylka for perioden 2014-2017 framgår. Planleggingsramma som Hordaland fylkeskommune er tildelt er 308 millionar 2014-kr, som utgjer **11,7%** av total ramme.

Fylkestinget gjorde slikt vedtak den 10. desember 2013 i sak 65/13:

*1. Fylkestinget meiner at "Vegdirektoratets forslag til planleggingsrammer for skredsikring på fylkesvegnettet 2014-17", der det er gitt tilsagn om 308 mill. 2014-kr til Hordaland, ikkje er tilstrekkeleg.*

*Hordaland er fylke nr. 2 i forhold til talet på registrerte ras på riks- og fylkesnettet.*

*Dei viktigaste vegane og omkøyringsvegane (Europa-, riks- og fylkesvegar) mellom Noregs to største byar går over lange, rasutsette strekningar i Hordaland. Næringsliv og trafikantar har vore sterkt ramma i 2013.*

*Fylkestinget meiner Hordaland sin del må aukast med 150-200 mill. kr for perioden.*

*Det er viktig at midlane kjem tidleg i perioden for å unngå ytterlegare utsetjing av Lussandberget.*

*2. Fylkestinget ser at ut frå dagens rammer er det ikkje midlar til å fullføra prosjektet Fv 344 Oddaneset/Merkeneset i perioden 2014-17.*

*3. Fylkestinget ser at det ut frå dagens rammer ikkje er tilstrekkelege midlar til å fullføra heile prosjektet Fv 7 Lussandberget i perioden. Ein må avventa endelege rammer og koma tilbake til oppstartstidspunkt.*

*4. Fylkestinget vurderer desse prosjekta som viktigast etter Haukanesberget og Lussandberget: Fv 551 Furuberget bru, Fv 49 Vangdalsberget og Fv 7 Tokagjelet.*

Vi har følgjande utfyllande kommentarar til vedtaket:

### **Punkt 1**

For perioden 2010-13 fekk Hordaland **13,8% av totale midlar**. Fylkestinget og Statens vegvesen Region vest har gitt uttrykk for at Hordaland som eit svært rasutsett fylke bør ha ein større andel av midlane til rassikring (fylkestingsak 74/09 seier at Hordaland som eit svært rasutsett fylke bør ha rundt 20% av midlane).

Den ramma som ein i Hordaland meinte var altfor låg (13,8% vs 20%), er for neste fireårsperiode redusert med **ytterlegare 15%** (til 11,7%).

For perioden 2014-17 er det tre fylke som får meir midlar enn Hordaland (Sogn og Fjordane får 487 mill kr, Nordland får 423 mill kr, Møre og Romsdal får 348 mill kr). Desse fylka har, som Hordaland, mange rasutsette strekningar. Etter vårt syn er det likevel to forhold som gjer at Hordaland burde få ein høgare del av potten:

- Hordaland er fylke nr 2 i antal registrerte skred på riks- og fylkesvegar samla, etter Sogn og Fjordane som ligg øvst (jamfør vedlegg 1). Desse to fylka er i særstilling, og har langt fleire skred enn dei andre fylka.
- Dei viktigaste vegane, både Europa-, riks- og fylkesvegar, mellom Norges to største byar går over store rasutsette strekningar i Hordaland. Både E 16, Fv 7, Rv 7 og Rv 13, og fylkesvegane som fører til E134, har til dels svært dårleg standard. Desse er lite eigna til omkøyringsvegar for eit stort omfang av store køyretøy. I 2013 har Hordaland hatt langvarige stengingar av E 16 (april, opp mot to veker) og Fv 7 (opp mot to månader) på grunn av ras. Desse stengingane har påført trafikantar og næringsliv store ekstrakostnader og tidstap.

## Punkt 2

For perioden 2010-13 var utfordringane for Hordaland fylkeskommune at prosjekta ikkje var planavklarte samtidig som midlane kom. For perioden 2014-17 er utfordringa at ein har planavklarte prosjekt som må utsetjast på grunn av manglande midlar.

Ut frå rekneskapsprognosar pr 31.08.13 har Hordaland fylkeskommune eit overført beløp på 98 mill kr pr 01.01.2014. I tillegg til den førebelse ramma på 308 mill kr, er det til rådvelde om lag **406 mill kr** i perioden 2014-17.

Bindingane for perioden er:

Prosjekt frå perioden 2010-13, som går over til perioden 2014-17 (BINDINGAR) Eks mva	Forbruk 2011	Forbruk 2012	Prognose 2013, red. til tidl.mva	SUM 2010-2013	Behov 2014 eks mva	Behov 2015-17 eks mva	Totalt behov 2014-17
Diverse prosjekt					3	10	13
Fv 572 Torgilsberg tunellen, Ulvik	1	70	83	154	2		2
Fv 7 Lussandberget			3	3	60	137	197
Fv 7 Haukanesberget, Granvin		1	13	14	116	96	212
Fv 344 Trefall/Oddan./Merken.	1		9	10	2	47	49
Fv 7 Tokagjelet - opprydning ras					12		12
Sum	2	71	108	181	195	290	485

Fv 7 Tokagjeldet – opprydning etter raset som gjekk 15. september 2013: Dette prosjektet er tatt inn som binding, då det er eit omfattande sikringsarbeid som er gjort i 2013 og må fullførast i 2014. Anslaget på 12 mill kr synest forsiktig.

Rassikringsprosjekta på Fv 344 Oddaneset og Merkeneset i Vaksdal kommune har prioriteringstal på høvesvis 4,8 og 4,6, og planarbeidet er i gang. På grunn av utfordringane på dei meir trafikkerte vegane ser fylkestinget seg nøydd til å prioritera hardare, og har utsett dette prosjektet til etter 2017.

### Punkt 3

Fordelinga av totalramma mellom dei ulike åra er ikkje gjort på fylkesnivå, men på regionnivå (side 3 i notatet):

Region - tilsegn mill kr	2014	2015	2016	2017	2014-17	Andel 2014-17
Øst	90	90	115		295	11 %
Sør	60	70	50		180	7 %
Vest	170	180	245	285	880	34 %
Midt	120	160	130	110	520	20 %
Nord	120	150	150	330	750	29 %
<b>Totalt</b>	<b>560</b>	<b>650</b>	<b>690</b>	<b>725</b>	<b>2625</b>	<b>100 %</b>

Når ein ser denne i forhold i registrerte skred på riks- og fylkesveg (vedlegg 1), synest ikkje midlane tildelt Region vest å stå i forhold til antal skred.

Vidare er midlane fordelt ulikt i perioden:

Region - tilsegn % pr år	2014	2015	2016	2017	2014-17
Øst	31 %	31 %	39 %		100 %
Sør	33 %	39 %	28 %		100 %
Vest	19 %	20 %	28 %	32 %	100 %
Midt	23 %	31 %	25 %	21 %	100 %
Nord	16 %	20 %	20 %	44 %	100 %

Som det framgår over, får Region vest og Region nord største delen av midlane seint i perioden, i motsetning til dei andre regionane som får midlane tidlegare i perioden.

**Tilsegn planramme:** Dersom ramma til Hordaland på 308 mill kr vert fordelt i samsvar med denne fordelinga, blir over-/underdekning slik for åra 2014-17:

Bindingar frå perioden 2010-2013 (eks mva/tidl mva)	SUM forbruk (progn 13) 2010-13	Behov 2014 eks mva	Behov 2015 eks mva	Behov 2016 eks mva	Behov 2017 eks mva	Totalt behov 2014-17 eks mva
Diverse prosjekt		3	3	3	4	13
Fv 572 Torgilsberg tunellen, Ulvik	154	2				2
Fv 7 Lussandberget	3	60	100	37		197
Fv 7 Haukanesberget, Granvin	14	116	96			212
Fv 344 Oddaneset/Merken.	10	2	47			49
Fv 7 Tokagjelet - opprydning ras (*)		12				12
Nye prosjekt						
<b>Sum behov</b>	<b>181</b>	<b>195</b>	<b>246</b>	<b>40</b>	<b>4</b>	<b>485</b>
Overført frå forrige periode		98				98
Tilsagn planramme		60	63	86	100	308
<b>Overdekning +/-Underdekning -</b>		<b>-38</b>	<b>-183</b>	<b>46</b>	<b>96</b>	<b>-79</b>
(*) Grovt/forsiktig estimat						

Tabellen viser at med desse rammene vil ein i løpet av 2014 ha brukt opp alle dei overførte midlane frå perioden 2010-13. I løpet av 2015 vil ein vera i **minus 221 mill kr** (38+183). Og då har ein ikkje tatt høgde for prisauke eller nye ras.

For å hindra ei underdekning på over 200 mill kr i 2015 må ein utsetja fleire prosjekt til neste periode. Tabellen under viser korleis ein kan komma ut av perioden 2014-17 i balanse:

Bindingar frå perioden 2010-2013 (eks mva/tidl mva)	Sum forbruk (progn 13) 2010-13	Budsjett 2014 eks mva	Budsjett 2015 eks mva	Budsjett 2016 eks mva	Budsjett 2017 eks mva	Totalt 2014-17 (eks mva)	Rest til 2018 -
Diverse prosjekt		3	3	3	4	13	
Fv 572 Torgilsberg tunellen, Ulvik	154	2				2	
Fv 7 Lussandberget	3	0	0	60	107	167	30
Fv 7 Haukanesberget, Granvin	14	116	96			212	
Fv 344 Oddaneset/Merkeneset	10	0	0	0	0		47
Fv 7 Tokagjelet - opprydning ras (*)		12				12	
Nye prosjekt		0	0	0	0	0	
<b>Sum</b>	<b>181</b>	<b>133</b>	<b>99</b>	<b>63</b>	<b>111</b>	<b>406</b>	<b>77</b>
Overført frå forrige periode		98				98	
Tilsagn planramme		60	63	86	100	308	
<b>Overdekning +/Underdekning -</b>		<b>25</b>	<b>-36</b>	<b>23</b>	<b>-11</b>	<b>0</b>	
(*) Grovt/forsiktig estimat							

I samsvar med fylkestinget sitt vedtak er prosjektet Fv 344 Oddaneset/Merkeneset utsett til 2018 eller seinare. Slik det ser ut no, kan Fv 7 Lussandberget ikkje startast opp før i 2016, med fullføring i 2018. Som nemnt er det ikkje tatt høgde for nye ras eller meirkostnader på prosjekta. Det er ikkje rom for å starta eitt nytt prosjekt i perioden. Prosjekta som går, er dei som vart prioritert for perioden 2010-13.

#### Punkt 4

Fylkestinget har vedteke prioritering av nye prosjekt. Ut frå erfaringane vi har hatt i Hordaland i 2013, må dei mest trafikkerte vegane prioriterast.

Prosjektet Fv 49 Vangdalsberget er på prioriteringslista til Statens vegvesen kostnadsrekna til 5 mill kr, og bør vurderast i perioden 2014-17 blant «diverse prosjekt».

Fv 551 Furuberget bru har ei kostnadsramme på 95 mill kr, og Fv 7 Tokagjelet eit førebels anslag på 30 mill kr. Desse kan ein ikkje gå i gang med i perioden 2014-17 utan ekstra midlar.

#### Oppsummering

Vi har her vist konsekvensane for skredsikringsprosjekta på fylkesvegnettet for Hordaland i komande fireårsperiode gitt at tildelinga blir i samsvar med notatet av 27.09.13. Realiteten er at nokre av prosjekta som vart prioritert for perioden 2010-13, ikkje ser ut til å kunna fullførast før i 2018 eller seinare.

Fylkestinget i Hordaland meiner at Hordaland får for liten del av midlane, sett i forhold til kor utsett fylket er for ras.

Hordaland er fylket med den nest største frekvensen av skred på riks- og fylkesvegnettet. Fv 7 og E 16 er til dels omkøyringsvegar for kvarandre, og har i 2013 verkeleg fått merka kor sårbart vegnettet er. Vegane har stor trafikk og mykje tungtrafikk som vegane ikkje er dimensjonert for.

Vi kan også minna om rapporten om forfallet på fylkesvegnettet (Vegdirektoratet, februar 2013): Nordland har det høgaste oppsamla forfallet, og Hordaland følgjer deretter med nærare 6,5 mrd kr.

## **Konklusjon**

Fylkestinget i Hordaland ber om 150 til 200 mill kr i ekstra skredsikringsmidlar for perioden 2014-17. Det er også viktig med meir midlar tidleg i perioden. Statens vegvesen er klar til å lysa ut prosjektet Fv 7 Lussandberget tidleg i 2014, og vi ber innstendig om at vi ikkje må utsetja dette.

Med helsing

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Bente Utne  
seniorrådgjevar

Vedlegg